

Munkeby kloster – Europas nordlegaste mellomalderkloster



Foto: Åse Bitustøl©Riksantikvaren

Lokalisering

Munkeby kloster ligg ved Levangerelva, fem kilometer aust for byen Levanger i Nord-Trøndelag, i kommunen med same namn. På ei flate ved elva, under ein ås med granskog, ligg ruinen av eit lite kloster. Dette er den klassiske plasseringa for eit cisterciensarkloster, som helst skulle leggast på ein folketom plass der munkane skulle dyrke opp jorda sjølv.

Historikk

Eit kloster ”ikkje langt frå bispebyen” er omtalt ca. 1180 i Passio Olavi, då ein døvstum gut ”av cistersiensarane sin husstand”, vart lækt av St. Olav ved altaret i Stiklestad kyrkje. Både ein abbed og munkar er omtalt, så klostret var i full drift, og dette kan ikkje vere anna enn Munkeby. Truleg er det grunnlagt omkring 1150, saman med Lyse og Hovedøya. Av ukjende årsaker vart klostret ikkje lenge etter nedlagt eller flytta: Seinare i mellomalderen var Munkeby og området rundt eigd av Tautra kloster, som vart grunnlagt i 1207, og Munkeby kan ha fungert som ein utpost eller grangie for Tautra. I 1475 vart det gjort eit mislykka forsøk på ny drift av klostret.

Klosterkyrkja var i bruk som soknekyrkje til 1589, då ”Munkebyes menighed” vart nedlagt og soknet slått saman med Levanger. Mykje av kyrkjeruinen sto enno i nesten full høgde i 1770-åra, og enno i 1813 var spora etter klosterbygningane og kyrkjegarden så godt synlege at antikvaren Lorentz D. Klüwer kunne måle opp grunnplanen til heile anlegget. Mykje stein vart fjerna gjennom 1800-talet, og omkring 1900 var ruinen ein stein-
haug der to murparti stakk fram av dei opptil 3 m tjukke rasmassene.

Ruinen er korsforma, med skip og kor av same breidde, utvendige mål 34 x 10 m. Skipet har ein stor vestportal og to motstilte prosesjonsportalar i skipet sine langveggar. Portalane er hogd delvis av kleberstein og delvis av marmor. Skipet har hatt eit vindu over vestportalen og truleg to vindu i kvar langvegg. På sørsida av kyrkja låg klosterbygningane i ein firkant, og på nordsida låg kyrkjegarden omgitt av ein mur. Ingenting av dette er lenger synleg.

Arkeologiske undersøkingar og konservering

Ruinen vart framgravd mellom 1906-10 under leing av arkitekt Nils Ryjord. Til saman vart 840 m³ stein og grus frakta ut av ruinen av innleigd arbeidskraft frå gardane omkring. Det vart gravd ned til golvnivået, der ein fann eit brannlag som dekte heile kyrkja. I brannlaget låg store jernspikar frå takkonstruksjonen. I krysset mellom kapella vart det funne smelta bronsemalm som tyder på at det hadde stått ein takryttar med klokke over taket her. Ruinen vart kjøpt av Fortidsminneforeningen i 1967, og vart deretter konservert med nytt toppdekke. Spora etter klosterbygningane er i dag ikkje lenger synlege.

Dagens situasjon

Ruinen har stått i nesten 25 år med berre minimalt vedlikehald, og det vaks opp meir og meir småskog omkring ruinen. I 2003 vart ein del store bjørker og graner nær ruinen fjerna for å minske faren for tilgroing, og krattskogen er også fjerna nærast ruinen. Dei gamle toppdekka er i svært dårleg stand, og delar av oppmuringane frå 1910 er i ferd med å rase ut. Riksantikvarens ruinprosjekt starta i 2007 konserveringsarbeid på ruinen som vil gå over fleire år. Toppdekka av sement blir fjerna, jord og planter fjerna og sementfuging hogd bort. Murverket frå restaureringsperioden blir styrka, og murverket skal nyfugast med kalkmørtel. Ein skjøtsels- og vegetasjonsplan skal også utarbeidast og gjennomførast som ein del av prosjektet. Eit nytt Mariakloster for cisterciensarmunkar er under bygging på Munkebyhaugen ca. 1 km sør for det gamle klostret, og vil vere i drift frå hausten 2009. Dei første munkane kjem frå morklostret i Citeaux i Frankrike, og vil drive med osteproduksjon etter mønster frå dette klostret.



Foto: Karin Axelsen©Riksantikvaren



Foto: Sissel Ramstad©Riksantikvaren